

## **HANDLINGSPLAN**



## **VED VALD OG TRUSLAR**

## Innleiing

I møte mellom administrasjonen og alle hovudtillitsvalde i HK 17.12.2009 vart det bestemt at Herøy kommune skal ha ein "Handlingsplan ved vald og truslar".

Planen er del av HMS-planen på dei einskilde arbeidsplassane, og ein delplan til den overordna HMS-planen for Herøy kommune.

### Vald

- fysisk, kroppsleg kontakt
- bruk (og framvising) av kniv eller andre våpen, eller trugsmål om dette

### Truslar og trakassering (uthenging/mobbing)

- digitalt (tekst, bilete, film)
- verbalt (i eller utanom skuletid)
- fysisk (gjennom trugande åtfærd med eller utan kniv eller andre våpen)

### Kommunalt leiaransvar

- I fylgje arbeidsmiljølova (AML) har leiaransvar plikt til å sørge for eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø. På skulane har rektor som leiar ansvaret for at det vert gjort førebyggjande arbeid, og at det ligg føre rutinar og prosedyrar som kan fylgjast når ei ulykke hender, eller når nokon er utsette for vald/ trakassering. Dette må inngå som ein del av internkontrollsystemet på skulen.
- Det skal opprettast ei "beredskapsgruppe" på 2-3 personar ved den einskilde skule. Beredskapsgruppa bør ha klart definerte oppgåver og består av rektor, verneombod og til dømes ass. rektor eller tillitsvald.

### Førebygging

- Eigen del i HMS-planen

### 1. Prosedyre – i ein valdssituasjon

<u>Når</u>	<u>Tiltak</u>	<u>Ansvarleg</u>
Straks	I ein valdssituasjon skal ein straks tilkalle andre vaksne, uavhengig om ein treng hjelp til å takle situasjonen, og uavhengig av kor dette skjer.	Tilsette
Straks	Dersom det er fare for andre elevar sin tryggleik kan det vere nødvendig å evakuere staden.	Tilsette
Straks	Rektor skal varslast med ein	Tilsette

	gong	
Straks	"Beredskapsgruppa" trer i funksjon	Rektor
Straks	Eleven/ elevane som har brukt vald skal takast ut av klassa/ gruppa. "Beredskapsgruppa" skal følgje opp eleven/ elevane med ein gong. Dei føresette skal varslast.	Rektor
Snarast	Skulen skal sørgje for at episoden blir registrert i Kvalitetslosen og meldt, og at det blir skrive rapport (prosedyre 3 og 4).	Rektor

## 2. Prosedyre for oppfølging av ein tilsett som har vore utsett for vald

Når	Tiltak	Ansvarleg
Straks	Samtale med ansvarlege i "beredskapsgruppa" og eventuelle andre kollegaer	Rektor
Same dag	Følgjast til lege	Rektor
Same dag	Følgjast heim. Skal ikkje vere åleine	Rektor
Snarast	Tilbod om hjelp – Bedriftshelsetenesta, psykolog og evt andre	Rektor
Evt sjukmelding	Skulen skal halde god og tett kontakt med den tilsette	Rektor
Seinare	Reaksjonar/ etterverknader kan kome etter at ting ser ut til å ha vorte normalisert. Det er viktig å vere merksam på eventuelle teikn på dette	Rektor

## 3. Prosedyre ved melding til politiet

Når	Tiltak	Ansvarleg
Før noko skjer	Avklare kva som skal meldast til politiet, kven som skal gjere det, og kven som skal skrive rapport	Rektor/ ordførar
Før noko skjer	Gjere avtale med politiet om prosedyre ved melding, og avtale om hjelp ved episodar med vald/ trugsmål/ trakassering	Rektor

Snarast	Alle tilhøve som gjer at arbeidstakarar blir skada, fysisk eller psykisk, skal registrerast og meldast til Arbeidstilsynet og politiet	Rektor – Ordførar melder til politiet
---------	--	---------------------------------------

#### 4. Prosedyre for melding/ registrering

<u>Når</u>	<u>Tiltak</u>	<u>Ansvarleg</u>
Snarast	Valdshendingar, alvorlege trugsmål og trakassering skal registrerast og meldast	Rektor
Snarast	Registrer dato, klokkeslett, kven, kva, kvar, om det er sendt skademelding, og om det er skrive rapport.	Rektor
Snarast	Avhengig om omfang og art av det som skjedde, skal melding sendast til: skuleleiar, arbeidsgjevar sitt forsikringsselskap, NAV?, Arbeidstilsynet, politiet, barnevernet.	Rektor

#### 5. Prosedyre ved digitale trugsmål og trakassering

<u>Når</u>	<u>Tiltak</u>	<u>Ansvarleg</u>
Snarast	Hindre publisering/ setje i verk tiltak for å få fjerne publiserte bilete, tekst eller filmopptak.	Rektor
Snarast	Sikre dokumentasjon av materiale	Rektor
Snarast	Melde frå til føresette/ evt. politiet	Rektor – Ordførar melder til politiet